

## **REFERAT – MØTE I STYRINGSGRUPPA JØRPELAND DEN 13 MAI 2015**

Til stade: Ole Tom Guse, Margareth Gjose Larsen, Kåre Oaland, Søren Jensen, Helge Steinsvåg, Alf Henning Heggheim, Arild Melberg, Jon Ola Syrstad, Trine L. Danielsen, Håkon Helgøy, Bjørn Laugaland, Dag Flackè, Torborg Kleppa, Trond Gisle Lyse, Laila Espedal og Stine Neverdahl

Skrivar: Geir Ims

### **SAK 1 Referat**

Referat frå førre møte blei godkjent

### **Sak 2 Oppsummering frå innbyggarmøte og innbyggjarpanel**

Styringsgruppa tok orienteringa til etterretning.

### **Sak 3 Innbyggjarundersøkinga**

Spørsmåla vart godkjende med endring. Spørsmål Q1 a.2 vert likt i alle 3 kommunar. Q1 a.3 vart bare stilt til innbyggjarar i Forsand.

### **Sak 4 Intensjonsavtale**

Styringsgruppa bad rådmennene laga ei løypemelding utforma som grunnlag og struktur til intensjonsavtale etter den mal som vart vist frå andre kommunar. Opne spørsmål/ områder skal påpeikast. Denne skal vera klar til neste møte i styringsgruppa den 3. juni.

Garanti for tilsette i kommunane.

Utkastet skal omtala garanti for at tilsette ikkje kan verta oppsagte i ein periode av 2 år etter verksemdoverdraging er gjennomført og ny kommune er skipa.

### **Sak 5 Oversikt over tilskot og støtteordningar i dei 3 kommunane**

Styringsgruppa var ikkje nøgd med måten dette blei presentert på og det var vanskeleg å få ei oversikt. Det blei og påpeika at det viktigaste var ei overordna oversikt sa noko om både prinsipp for tilskot og vilkåra for frivillige organisasjonar og deira arbeid.

### **Sak 6 Spørsmål om rådgjevande folkeavrøysting**

Det blir opp til dei enkelte kommunestyra å fatta avgjersle om eventuell rådgjevande folkeavrøysting.

### **Anna**

Under Sak 6 ønska Forsand ein drøfting på eventuelle særavtalar knyt til disponeringa av formue og øymerka bruk av auka kraftinntekter, med ein 1/3 part til kvar kommune, samt eige punkt om at Strand og Hjelmeland og ville arbeide for at ferjedrift på Høgsvjord skal gå til tunnel Espedal – Frafjord er opna.

Strand og Hjelmeland var ikkje førebudd på ein slik drøfting og den stod heller ikkje på sakslista.

Særavtalar må vente, Forsand er betre forberedt enn dei 2 andre i dette møtet.

REFERAT SLUTT